

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-056, TI-&85
Arkivsaksnr: 18/202	Løpenr: 18/4623
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	14.06.2018	024/2018

Vurdering av IKT-driftsform for Samnanger kommune**14.06.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han er onkel til den eine av dei to IKT-tilsette i kommunen. Han gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans. 14 medlemmer røysta for at Øyvind Røen er ugild i saka og 6 røysta for at han er gild. Øyvind Røen deltok derfor ikkje i handsaminga av saka.

Ugild	Gild
Gunn Østvik Petersen (A)	Arild Røen (H)
Olaug Øystese (A)	Sture Tveit (H)
Roger G. Urås (A)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Inge Aasgaard (Krf)	Nils Aadland (A)
Gunn Totland Moss (Krf)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Svein Verner Røseth (Frp)	Jon Magne Bøgevik (Uavhengig)
Gunnar Bruvik (Frp)	
Ingvild R. Bøgevik (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Monica Tjønna (Sp)	

Brigt Olav Gåsdal (A) foreslo at Monica Tjønna (Sp) gjekk inn som setje-varaordførar i handsaminga av denne saka. Kommunestyret sluttar seg til dette, og Monica Tjønna gjekk inn som setje-varaordførar.

Monica Tjønna (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Nils Aadland (A) fram framlegg om å utsetja saka. Etter vidare debatt i møtet trekte Nils Aadland utsetjingsframlegget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 024/2018 Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å gå inn i det interkommunale samarbeidet IKT Nordhordland (IKTNH).

Under føresetnad av at Samnanger får gå inn i IKTNH, bør arbeidet med å overføra kommunen si IKT-drift til IKTNH starta allereie hausten 2018.

Overføringa av kommunen si IKT-drift til IKTNH skal så langt som mogleg gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på maksimalt 1,25 millionar kroner. Utgifter til eventuelt skifte av økonomi- og lønnssystem i 2019 eller 2020 vil koma i tillegg, og skal så langt som mogleg gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på maksimalt 1,4 millionar kroner.

Det vert løyvd inntil 1,25 millionar kroner til dekking av utgifter i 2018 knytt til overføring av kommunen si IKT-drift til IKTNH. Dette skal finansierast med auka inntekter på konsesjonskraft. Eventuelle utgifter frå og med 2019 må innarbeidast i budsjett/økonomiplan.

Rådmannen har ansvar for å halda kommunestyret orientert om framdrifta i saka.

Det er viktig at kommunen sine IKT-tilsette blir godt ivaretakne i prosessen, og at rettane dei har etter lov- og avtaleverket vert følgt opp.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å gå inn i det interkommunale samarbeidet IKT Nordhordland (IKTNH).

Under føresetnad av at Samnanger får gå inn i IKTNH, bør arbeidet med å overføra kommunen si IKT-drift til IKTNH starta allereie hausten 2018.

Overføringa av kommunen si IKT-drift til IKTNH skal så langt som mogleg gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på maksimalt 1,25 millionar kroner. Utgifter til eventuelt skifte av økonomi- og lønnssystem i 2019 eller 2020 vil koma i tillegg, og skal så langt som mogleg gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på maksimalt 1,4 millionar kroner.

Det vert løyvd inntil 1,25 millionar kroner til dekking av utgifter i 2018 knytt til overføring av kommunen si IKT-drift til IKTNH. Dette skal finansierast med auka inntekter på konsesjonskraft. Eventuelle utgifter frå og med 2019 må innarbeidast i budsjett/økonomiplan.

Rådmannen har ansvar for å halda kommunestyret orientert om framdrifta i saka.

Det er viktig at kommunen sine IKT-tilsette blir godt ivaretakne i prosessen, og at rettane dei har etter lov- og avtaleverket vert følgt opp.

Dokument som er vedlagt:

Vurdering av IKT-driftsform for Samnanger kommune

Utgreiing frå IKT Nordhordland mai 2018

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune har fått invitasjon til å gå inn i IKT Nordhordland (IKTNH). IKTNH har ansvar for IKT-tenestene til kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Alle IKT-tenestene som den enkelte av desse kommunane tidlegare hadde ansvar for, er overført til IKTNH.

Samnanger kommune driftar i dag mange av dataysistema våre sjølv, på eigne serverar. Me driftar òg i stor grad IKT-infrastruktur/nettverk og datamaskinar/klientar sjølv. Desse oppgåvene vert gjort av kommunen si IKT-avdeling, som har to tilsette (til saman 200% stilling). Dersom kommunen går inn i IKTNH, vil desse driftsoppgåvene bli overført til IKTNH. I tillegg vil ulike utviklingsoppgåver m.m. knytt til IKT-drift bli utført av IKTNH.

Det har vinteren/våren 2018 vore fleire møte mellom kommunen og IKTNH. Det er også gjennomført et forprosjekt for å kartleggja diverse forhold knytt til ei eventuell innmelding i IKTNH for Samnanger.

Dersom kommunestyret gjer vedtak om at Samnanger ønskjer å gå inn i IKTNH, er utgangspunktet at kommunestyra i alle samarbeidskommunane må ta stilling til om Samnanger skal få koma med i samarbeidet. Leiar i IKTNH har i e-post sendt 01.06.2018 informert om at han reknar med at dette vil vera ein formalitet.

Rådmannskontoret har utarbeidd eit dokument med tittelen «*Vurderering av IKT-driftsform for Samnanger kommune*», som følgjer vedlagt. Det blir vist til dette dokumentet for detaljert informasjon om saka. Det er der sett på følgjande tre alternativ:

1. Halda fram med noverande IKT-driftsform uendra
2. Samnanger går inn i IKTNH
3. Halda fram noverande IKT-driftsform, men med auka bemanning og ressursbruk

Vedlagt følgjer også eit dokument som IKTNH har utarbeidd, med tittelen «*Om IKTNH som leverandør av driftstenester til Samnanger kommune*». IKTNH gjer der greie for kva tenester dei kan tilby Samnanger. Vedtekene for IKTNH er også vedlagt.

Som vedlegg til saksframlegget følgjer også uttale frå NITO i Samnanger, som er skeptiske til at Samnanger eventuelt skal gå inn i IKTNH. Dei meiner også at alternativ med IKT-samarbeid med Bjørnafjorden kommune og Kvam herad burde vore sett på.

Hovudtillitsvalde i dei tre største fagforeiningane i kommunen (Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet) har i drøftingsmøte stilt seg positive til ei eventuell innmelding i IKTNH, under føresetnad av at dei tilsette blir godt ivaretakne og at tilsette får god opplæring i nye datasystem.

Vurderingar og konsekvensar:

Rådmannen si vurdering er at det uansett er nødvendig å styrka satsinga på IKT i kommunen. Å halda fram med noverande IKT-driftsform uendra, er ikkje ei løysing rådmannen tilrår. Dagens IKT-drift er sårbar, mellom anna som følgje av at det berre er to tilsette og at kommunen har for mykje gammalt datautstyr, og på nokre område også for gammal programvare. Det er også nødvendig å satsa meir på utviklings- og prosjektarbeid knytt til IKT, samt på overordna IKT-leiing.

Rådmannen si vurdering er at det i denne saka er viktig å vera «framsynt», og at det derfor bør leggjast mest vekt på kva som vil vera den beste løysinga for Samnanger sett i eit tidsperspektiv på

minst 10 år framover. Dersom Samnanger vel å gå inn i IKTNH, vil det i praksis vera svært krevjande og omfattande å «reversera» eit slikt val og gå tilbake igjen til lokal IKT-drift.

Valet bør ikkje primært baserast på økonomi, men primært på kva IKT-driftsform som totalt sett vil vera best for kommunen i langt tidsperspektiv. Sjølv om Samnanger kan klara å stå for eiga IKT-drift også i åra som kjem, er rådmannen si vurdering at det totalt sett vil vera eit betre alternativ å gå inn i IKTNH. Fordelane med å gå inn i IKTNH vil slik rådmannen vurderer det vera større enn ulempene.

Det vil krevja ekstramidlar både dersom Samnanger skal gå inn i IKTNH og dersom me skal halda fram med eiga IKT-drift.

Dersom Samnanger går inn i IKTNH, vil kommunen truleg få ei eingongsutgift på om lag 1,25 millionar kroner. Delar av eller heile denne utgelta vil truleg koma i 2018, avhengig av kor raskt overføringsprosjektet kan gjennomførast. Rådmannen foreslår at utgelta i 2018 blir finansiert ved bruk av ekstrainntekter på konsesjonskraft. Ikke-disponerte ekstrainntekter på konsesjonskraft i 2018 er etter disponeringa i tertialrapporten for 1. tertial ca. 1,4 millionar kroner.

I tillegg til eingongsutgelta på om lag 1,25 millionar kroner, vil kommunen i løpet av 1-2 år få ei utgift på om lag 1,4 millionar kroner til skifte av økonomi- og lønnssystem.

Dei «faste» årlege kostnadane til IKT-drift vil frå 2020 truleg bli om lag dei same som i dag dersom Samnanger går inn i IKTNH, men det kan også bli ein liten auke (i størrelsesorden 100.000 – 125.000 kroner). Det er viktig å understreka at desse tala er usikre, og derfor ikkje kan «garanterast». Kostnadane vil også i nokon grad vera avhengig av val som kommunen og/eller IKTNH gjer i åra som kjem. Nokre av einingane i kommunen må truleg pårekna noko auka bruk av interne personalressursar til IKT-oppgåver enn i dag dersom Samnanger går inn i IKTNH.

Dersom Samnanger skal halda fram med eiga IKT-drift, vil det etter rådmannen si vurdering vera nødvendig med ei eingongsinvestering på om lag 650.000 kroner, primært til utskifting og kjøp av datautstyr/servrarar. Det vil også vera behov for å auka dei «faste» årlege kostnadane med om lag 650.000 kroner (50% IKT-stilling, auka utskiftingstakt på datautstyr/servrarar og årsavgift for nye modular i Agresso).

Dei to noverande IKT-stillingane i Samnanger vil i utgangspunktet bli nedlagt dersom me går inn i IKTNH. Begge IKT-konsulentane våre vil få tilbod om overflytting til stilling ved IKTNH, men det er usikkert om begge ønskjer slik overflytting. Det vil uansett vera behov for å ha ein «IKT-ressurs» i Samnanger også dersom me går inn IKTNH. Rådmannskontoret har stipulert dette behovet til om lag 50% stilling. Dersom den eine av IKT-konsulentane våre ikkje flyttar over til IKTNH, vil kommunen kunne tilby han til saman 100% stilling i Samnanger (50% stilling knytt til IKT, samt til saman 50% stilling knytt til brann/redning/beredskap/administrativt arbeid ved rådmannskontoret).

Dersom Samnanger går inn i IKTNH, vil det bli eit relativt stort prosjekt å flytta IKT-drifta vår til IKTNH. Det vil truleg også bli nokre utfordringar i «overgangfasen», og ein del nytt å forhalsa seg til for tilsette i kommunen. Dette bør likevel vera godt handterbart.